



Prosjektleiar Kristian Bringedal i UU har no ei lang liste over tiltak som vil forbetra turist-tilbodet i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Å få til ei ordning med felles sommarvert frå 2010 er eit av tiltaka som Uskedalen Utvikling jobbar vidare med etter spørjeundersøkinga denne sommaren, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal.**

**Eit anna tiltak er samarbeid med skulen om bruk av leikeplassen og eit tredje skilting til badestranda og leikeplassen.**

Lista over aktuelle UU-tiltak er vidare slik:

- \* Turkart og skilting, utlagt under 'Visit Sunnhordland'.
- \* Informasjon og brosjyrar.
- \* Saman med SPAR vurderer utdeling av rundstykke/aviser ved nokre høve.
- \* Sykkelutleige
- \* Fylgja opp arbeidet med eventuell vidare drift ved Vertshuset.
- \* Fylgja opp med ny og endra spørundersøking neste år.
- \* Tiltak for å styrka motivasjonen og vertskapsrollen.
- \* Ekskursjon/studietur til dømes til Herand.

Kvar aktør skal med bakgrunn i det som kom fram i undersøkinga vurdere kva forbetringar som kan gjerast. Dette gjeld til dømes:

- \* Eit betre trådlaust nettverk i hamneområdet.
- \* Fortøyning
- \* Lys
- \* Bord/benker
- \* Leikeapparat
- \* Aktivitetsutstyr på plenen
- \* Straumuttak
- \* Badestigar
- \* Vaskekapasiteten
- \* Renovasjon
- \* Grillplass

Tidleg på våren 2010 vert det kalla inn til møte om desse og andre tiltak.

Av Ola Matti Mathisen